

## **Evalueringsmøte for 2. semester vår 2020**

I slutten av vårsemesteret vil det bli halde eit evalueringsmøte der studentane på 2.semester kan gi tilbakemeldingar frå vårens emne. Møtet vil ha ein uformell tone, og det blir skriva eit referat som berre er til intern bruk. ***Dato for møtet er 8. juni.***

På møtet ønskjer me at emnerepresentantar (studentar), studentrepresentanten i Programrådet, områdeleiarane, undervisingsleiar og studiekonsulent deltar. Emneansvarlege er også invitert til å delta, og me håpar mange emneansvarlege vil sjå nytta av møtet. Me kjem til dele inn møtet i område-bolkar slik at det er mogleg å delta på deler av møtet.

Dette evalueringsmøtet er ei undervegsevaluering av emne. Det er opp til emneansvarlege om dei evaluere emna sine utover dette.

### **Kva ønskjer me få ut av møtet?**

Formålet med evalueringar er å sikre god studiekvalitet. Det er viktig at me ikkje berre evaluerer for å evaluere, men at me brukar tilbakemeldingane til å utvikle oss og at me kan ta lærdom frå kvarandre.

Ved å ha eit slikt møte kan me sjå emneporteføljene i samanheng, og me kan lære og inspirere kvarandre på tvers av emne og område. Ein uformell tone kan gjere det lettare å skape dialog mellom studentar, faglege og administrative, og me kan saman finne forslag til korleis me kan løyse ulike utfordringar.

Fokus for møtet er gjennomgang av emna, men det kan vere at det dukkar opp andre aktuelle tema som er viktig i studiekvardagen til studentane.

### **Emnerepresentantane**

På kvart emne skal studentane utpeike minst ein medstudent som emnerepresentant. Denne eller desse emnerepresentantane blir invitert til møtet. Emnerepresentantane samlar inn tilbakemeldingar frå sine medstudentar, og presenterer desse på møtet.

For at desse møta skal fungere godt må studentane og særskilt emnerepresentantane forstå viktigeita møtet. Undervisingsleiar og studiekordinator for master kjem difor til å møte på første forelesing i på alle emna i vår for å informere om at alle emne må ha emnerepresentant og om dette evalueringsmøtet.

### **Erfaringar**

Denne evalueringsforma er brukt på Psykologisk institutt. Tilbakemeldingane derifrå er at studentar og tilsette opplever denne typen evaluering som ein god plattform for å gi tilbakemeldingar, snakke om løysingar og sjå studietilbodet i samanheng.